

From: Pål Erdal <paalerdal@gmail.com>
Sent: 9. mars 2017 20:58
To: NVE
Subject: Privat høyringsfråsegn 7 småkraftverk i Voss

Eg skriv som privatperson, som naturvernar og -brukar, og har inga særskilte eigar- eller brukarinteresser i nokre av områda. Eg ynskjer at framtidige generasjonar skal ha urørt vassdragsnatur. Naturen har sin eigen verdi, *også* uavhengig av nytte- og opplevingsverdi for meg sjølv eller andre. Tida burde vere for å økonomisere energi/straum, altså spare, ikkje byggje ut for endå meir sløsing.

Eg gjev ei samla fråsegn om omfanget av småkraftverk generelt, her knytt til dei sju prosjekta Urdlandselvi, Kleivelvi, Haugamoen, Togroi, Storagroe, Tverrelvi og Bjørndalen, med særskild protest mot å byggje nye kraftverk i verna vassdrag.

Riktige naturvurderingar? Naturvernforbundet har påvist at biologiske funn og vurderingar i stor grad er lavere vurdert i søknadene enn de reelle tilhøva i naturen. Det er difor grunn til å være kritisk når søkerne fremstiller verdier eller konsekvenser som "små" eller "lite". Bør me difor, med bakgrunn i føre vår, leggje til grunn at dei fleste naturkvalitetar og -konfliktar er gradert eit steg for lågt i søknadane?

Snart ikkje heile småvassdrag att

For turgåarane i bakkane kring sentrumsområdet Voss/Vangsvatnet er det snart ikkje noko att av urørte småelvar. På sørsida av Vangsvatnet er det kome fleire store inngrep dei siste par åra. Mi eiga oppleving er at det sterkt reduserar turgleda. Dersom desse sju også får konsesjon, forsvinn også ein rad andre urørte opplevingar kringom i dalane, her Teigdalen, Raundalen og Bordalen. Det er på tide å stanse opp. Kor langt skla utbyggjinga gå? Skal det om eit tiår eller to ikkje vere noko att av urørte småelvar?

Særskilt om kraftverk i verna vassdrag (Urdlandselvi og Haugamoen/(Løkjane)

Kraftbransjen (e-verka, utstyrsløvarandørar og entreprenørane) søkjer no fleire stader å punktere og bit for bit demontere Stortingets vernevedtak. Konsesjon også opp til 1 MW vil naturlegvis også bidra sterkt til ei slik demontering. Eg finn dette urimeleg og urettvist. Ein konsesjon og eit vernevedtak har éitt felles: dei er tidlause og varige. Eller rettare sagt, det *skulle* ha vore slik. Naturvernsida aksepterer dette prinsippet, for så langt eg veit har me aldri kravt at noko eksisterande kraftverk skulle bli demontert eller utgå ved høg alder *etter* vernevedtak. Men når utbyggjarane stendig søkjer og kanskje også får løyve til å byggje i verna vassdrag, ville det då vere urimeleg å krevje at t.d. Kleivelvi på Mjølfjell skulle sanerast no som det er utdatert?

Kraftbransjen vil tydelegvis ikkje respektere Stortingets intensjon om at vernevedtak er varige. Dei fremjer stendig små og store saker i verna vassdrag. Det urettvise med desse stendige omkampane er at det er slitsamt for de lokale naturvernarane å skulle bruke tid og krefter mot profesjonelle aktørar som har store ressursar.

Det er inngrepa i seg sjølve som er det sentrale, ikkje nokre watt frå eller til.

Haugamoen kraftverk er planlagt i Løkjane-området, kjend som ei særeigen natur- og stølsgrend i eit turområde. Eg finn det urimeleg om også dette området no skal takast til kraftverk.

Urdlandselvi kjenner eg ikkje som turgåar, men eg ber om at Raundalen ikkje vert opna for fleire kraftverk, der er alt to i hovudvassdraget. Småkraftverk attmed Raundalselva vil effektivt bidra til å svekkje vernet også i hovudvassdraget.

Eg ber altså om at NVE ikkje gjev fleire konsesjonar for småkraftverk i verna vassdrag.

Oppsummert for dei fire i Teigdalen: Storagroe ligg i eit område som allereie er prega av inngrep, med veg og vasskraft lenger oppe. Her kan truleg gjevast konsesjon. Dei tre andre ligg i lokalområde som har store naturkvalitetar, og inngrepa gjev sterk påverknad av vassføringa over store område. Teigdalselva er ei perle med store kvalitetar, også visuelle. Det ligg ikkje føre noko vurdering av samla belastning/konsekvens for naturen, og eg forstår det slik at det heller ikkje er modellar for å gjere slike vurderingar (ref. tekst i dok. for Bjørndalen). Det er ein stor svakheit. Dei tre andre tre bør få avslag.

Busetnad som generelt argument: For til dømes Storagroe vert det argumentert med at konsesjon vil bidra til busetjing. Er det dokumentasjon eller røynsle for dette? Kan det ikkje like gjerne hevdast at "passive" inntektar, som altså ikkje føreset at ein bur i ei grend, kan gje lågare aktivitetsnivå i anna næring/landbruk, og slik leie til fråflytting?

Totalvurdering, samla belastning?

Det er grunn til å spørje om nokon vurderer den biologiske totaleffekten av dei svært mange prosjekta som er på plass og som er undervegs, også for hovudvassdraga. I Teigdalen er det fire søknadar no. Dette er ein del av kommunen som har avgjeve mykje natur til kraftverk. Kor mange fleire prosjekt kan det tenkjast i Teigdalen? Kva er *samla belastning* for dei fire påtenkte verka der?

Og kva vert fremja i neste "småkraftpakke" Voss?

Meir skånsam gjennomføring dersom konsesjon

Generelt ser me at det vert gjort unødige brutale inngrep i byggjefasen. Stein og massar hamnar i elva der røyrkata vert gravd ned nær vassdraget. Det verkar som myndigheitene ikkje stiller nok krav til detaljplan for å få til minimale inngrep i vegar og røyrgater, og /eller ikkje kontrollerer, unngå maseavrenning osb. Det er rimeleg å tru at dette også har økonomiske årsaker hjå dei utførande. Det kan også sjå ut som at kontrollmyndigheitene er konfliktskye og ikkje krev oppretting.

Helsing
Pål Erdal
Gjernesmoen 3
5700 Voss
41631760

